

## Lavik Edruskapsnemnd

Til ordføreren i Lavik,  
herr. Einar Lavik,  
L a v i k .

Vedkj.: Dykkar skriv til nemnda av 3/3 d.a. om Gunnar Raasholm sin søknad om sal over disk av ø1 i klasse 2:

Nemnda hadde møte den 21. mars d.a., styrd av tidl. form. Jens G. Førstund.

I møteboka er førd dette samrøystes vedtak:

I skema for aarsmelding fraa Edruskapsnemnda er det spørsmål om edruskapstilhøva: " Er betra - ubrigda - ringare enn før i fjor".

Dei siste aara har form. skrivt at edruskapstilhøva er ubrigda, og nemnda er samnd i det.

Ein kan vel ogsaa seie at edruskapstilhøva til vanleg er gode i Lavik. Paa ein del festar der det kjem mange tilreisande, stundom langt borte fraa, er ikkje edruskapsen so god som ynskjande. I somme høve har det ogsaa vore for stor handel av landsøl og liknande varer, og skal det bli sal av ø1 i klasse 2 over disk, har vi all grunn til aa tru at edruskapstilhøva vil bli ringare enn før.

Det er ein karakteristikk vi ikkje vil ha paa bygda.

Slikt utsal vil særleg vere til skade og faare for ungdomen, og faaren er større enn før no i "mopedtida".

Edruskapsnemnda vil paa det sterkaste telje kommunestyret fraa aa gi løyve til sal over disk.

Lavik Edruskapsnemnd den 28. april 1961.

*Andr. E. B. Førstund*  
- form. -